

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 02.06.2022
SAKSHANDSAMAR: Anna Risnes Selsås
SAKA GJELD: **Prisrisiko i byggeprosjekt**

ARKIVSAK: 2022/580
STYRESAK: **061/22**

STYREMØTE: **13.06.2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek vurderinga av prisrisiko i byggeprosjekt til orientering.

Oppsummering

Helse Vest har eit høgt investeringsnivå med store byggeprosjekt i alle helseføretak. Alle helseføretaka er råka av auken i kostnadsindeks knytt til byggeprosjekt. Kwart føretak har gjort ei kartlegging av prisrisiko knytt til byggeprosjekt og identifisert moglege tiltak som kan sikre gjennomføring av planlagde byggeprosjekt. Det kan bli nødvendig å forskyve planlagde prosjekt ut i tid, endre omfanget av prosjekt og vurdere auke av internt lån frå Helse Vest RHF til føretaka dersom det er likviditet til det.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 20.04.2022 sak 046/22 Rapportering frå verksemda per februar 2022. Det blei det fatta følgande vedtak:

1. *Styret ber om ei kartlegging av auka prisar på byggematerial, og ei vurdering av moglege tiltak som kan sikre gjennomføring av planlagde byggeprosjekt. Styret ønskja også ein oversikt over kva konsekvensar auka prisar og leveranseproblem kan få for evna til gjennomføring og finansiering av investeringane.*

Kommentarar

Føretaka har utført ein kartlegging av prisrisiko knytt til auka prisar på byggematerial per mai 2022, sjå tabell 1 for prisrisiko per helseføretak. Avsnitta under gir ein meir detaljert omtale av prisrisiko og moglege tiltak per helseføretak.

| Prisrisiko per helseføretak | 2022 | 2023 | 2024 | Resterande investeringsperiode | Total |
|--------------------------------|---------------|---------------|---------------|--------------------------------|----------------|
| Helse Stavanger | 450 000 | | | | 450 000 |
| Helse Fonna | 3 000 | 11 000 | 14 000 | 14 000 | 42 000 |
| Helse Bergen | 37 034 | 45 355 | 55 740 | 1 755 | 139 885 |
| Helse Førde | 12 821 | 21 818 | 8 287 | 20 407 | 63 333 |
| Samla prisrisiko per år | 52 855 | 78 174 | 78 027 | 486 162 | 695 218 |

Tabell 1: Kartlegging av prisrisiko knytt til byggeprosjekt per føretak i Helse Vest. Tall i heile tusen kroner.

Helse Stavanger

Føretaket har under utarbeidinga av økonomisk langtidsplan for 2023-2027 innarbeidd ein risiko på 450 mill. kroner for å handtere auka i kostnadsindeks knytt til Nye SUS, byggetrinn 1. Føretaket planlegg å bruke gevinst frå sal av tomt på Våland, som opphavleg var tiltenkt Nye SUS byggetrinn 2, til å handtere kostnadsauka. Føretaket har tidlegare planlagt å nytte gevinst frå sal av tomt på Våland som eigenfinansiering til byggetrinn 2 og føretaket planlegg no å fullfinansiere neste byggetrinn med internt lån frå Helse Vest RHF og langsiktig finansiering frå Helse- og omsorgsdepartementet. Tildeling av internt lån vil avhenge av ein

totalvurdering av likviditetssituasjonen i føretaksgruppa og finansiering frå HOD må søkast om og tildelast over statsbudsjettet.

Føretaket har i ØLP lagt fram eit forslag til realisering av byggetrinn 2, fase 1. Berekningane viser at føretaket har økonomisk berekraft til å handtere byggetrinn 2, fase 1 dersom prosjektet fullfinansierast med lån. Det er usikkert når Nye SUS byggetrinn 2 kan starte opp og om dei klarar å oppretthalde planlagt framdrift i prosjektet. Føretaket har også behov for meir ekstern finansiering, då nivået på eigenfinansiering er redusert. Dersom krigen i Ukraina vert langvarig og fører til ytterlegare leveringsproblem, kan ein konsekvens vere at også Nye SUS byggetrinn 1 blir forseinka ut over 2024.

Helse Stavanger har utarbeidd ei kuttliste som vert kontinuerleg oppdatert. Lista vert kortare ut over i prosjektet, då tidspunkt for implementering av tiltaka vert passert. Resterande tiltak frå kuttlista vil ikkje kunne bidra i vesentleg grad, men ein har redusert omfanget av planlagde parkanlegg. Føretaket forventar at heile prosjektreserven på om lag 790 mill. vil bli brukt før byggetrinn 1, inkludert B-bygget, er ferdigstilt.

Kostnadsramma til prosjektet er ikkje auka som følge av den oppdaterte prognosen, då styret til Helse Stavanger har vurdert at dei ikkje har mandat til å auke ramma. Føretaket skal intensivere arbeidet med kostnadsreducerande tiltak og kostnadskontroll framover. Status i dette arbeidet skal orienterast om i neste styremøte til Helse Stavanger.

Helse Fonna

Føretaket planlegg å ferdigstille ByggHaugesund2020, byggetrinn 1 innan september 2022. Føretaket har ikkje identifisert prisrisiko knytt til dette byggetrinnet.

Prisrisikoen rapportert frå Helse Fonna i tabell 1 er knytt til ByggHaugesund2020, byggetrinn 2. For inneverande år har føretaket tatt høgde for og satt av midlar til auka stålpriser. Det er i tillegg satt opp kuttliste som kan setjast i verk ved behov. Det er også mogleg å utsetje eller redusere omfanget av ombygginga dersom det blir nødvendig.

Helse Fonna har fleire pågåande tiltak knytt til å ta ned styringsfarten og redusere budsjettavviket i 2022. Basert på desse grepa meiner føretaket at dei vil vere i stand til å oppretthalde nivået på eigenfinansiering. Eigenfinansieringa til føretaket kan bli påverka av den faktiske resultatutviklinga i åra framover, som igjen kan påverke moglegheita for å gjennomføre prosjektet som planlagt.

Helse Bergen

Føretaket har i prosessen med økonomisk langtidsplan for perioden 2023-2027 innarbeidd ei prisauke på 7,2 % knytt til prosjekta Glassblokkene 2, Protonsenter, Nordås og Parkhjørnet. 41 millionar av den totale prisrisikoen synleggjort for Helse Bergen er berekna basert på ein situasjon der reell auke i pris er 9 %, ikkje 7,2 % som innarbeidd i ØLP.

Helse Bergen rapporterer at den største delen av prisrisiko knytt til byggeprosjekt er relatert til andre prosjekt i byggporteføljen enn dei som er nemnt i avsnittet over. Denne risikoen utgjør om lag 99 millionar av den totale prisrisikoen synleggjort i tabell 1 og er berekna basert på ei prisauke på 6 % for denne delen av byggporteføljen.

Føretaket understreker at andre forhold, som til dømes auka kostnader knytt til MTU-prosjekt, auka lønnskostnader og politiske føringar i Norge vil påverke den totale investeringsramma. Det er også usikkerheit og utfordringar knytt til leveransen av fleire varer, ikkje berre byggevarer. Dette gjer at eksempelvis noko MTU er vanskeleg å oppdrive. Dette utfordrar heile leveringssituasjonen for prosjekta.

Helse Bergen har ein eit stort og omfattande investeringsprogram, med ein fleksibel plan, som gjer det mogleg å styre framdrifta i prosjekta basert på tilgjengelig likviditet i føretaket. Det kan bli nødvendig å forskyve deler av prosjekta ut i tid som følgje av auka kostnadsindeks knytt til byggeprosjekt.

Helse Førde

Nye Førde sjukehus består av fleire delprosjekt som ikkje er avhengig av kvarandre i sjølve bygginga. Dette gir fleksibilitet knytt til framdrifta i prosjektet. Føretaket understreker at utsetting av eit delprosjekt vil påverke endra driftsmodellar og dermed økonomiske gevinstar, dette kan også påverke kvaliteten.

For delprosjekta Livabygget og Svana 1 er kontrakt inngått og prosjekta vil bli gjennomført.

Svana 2 og Svana 3 er inkludert i ramma som er godkjent av styret til Helse Førde og Helse Vest RHF. For desse trinna er det ikkje inngått kontrakt med leverandør, dette vil avhenge av godkjenning frå styret i Helse Førde. Byggetrinna kan utsetjast dersom føretaket ikkje har bæreevne til å gjennomføre byggetrinna per no, men dette vil få store konsekvensar for forventta effektivisering i samband med Nye Førde Sjukehus.

Svana 4 vart i 2021 tatt ut av prosjektet Nye Førde Sjukehus og består av vedlikehald og mindre ombyggingar for å tilpasse bygget til endra klinisk drift som følgje av Nye Førde Sjukehus. Prosjektet er planlagt finansiert gjennom årlege investeringar på bygg og vedlikehaldsbudsjett, noko som medfører at ein må bruke tid på å gjennomføre prosjektet. Basert på eksisterande rammevilkår og prisrisiko knytt til byggeprosjekt må Helse Førde bruke lengre tid enn planlagt på å gjennomføre både Nye Førde Sjukehus og prosjektet Svana 4.

Konklusjon

Styret tek vurderinga av prisrisiko i byggeprosjekt til orientering.

